

**KOMMISJONSDIREKTIV 95/33/EF**

av 10. juli 1995

om endring av rådsdirektiv 82/471/EØF om visse produkter som brukes i fôrvarer(\*)

(Tekst som er relevant for EØS)

**KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 82/471/EØF av 30. juni 1982 om visse produkter som brukes i fôrvarer<sup>(1)</sup>, sist endra ved tilmeldingsakta for Austerrike, Finland og Sverige, særleg artikkel 6, og

*ut frå desse synsmåtane:*

Det er fastsett i direktiv 82/471/EØF at innhaldet i vedlegget jamleg må tilpassast den vitskaplege og tekniske utviklinga.

Granskinga av eit nytt produkt som høyrer til den gruppa proteinprodukt som vert framstilte av mikroorganismar, i dette høvet bakteriar, har synt at produktet har ein gagnleg verknad på svin, kalvar og laks. Difor bør dette produktet på visse vilkår godkjennast til bruk i fôrvarer.

Av framstillingstekniske årsaker må minsteinnhaldet av godkjent konsentrert flytande L-lysin endrast.

Vitskapsutvalet for fôrvarer og Vitskapsutvalet for næringsmiddel har gjeve ei fråsegn om bruken av gjæra proteinprodukt som er framstilte ved dyrking på naturgass av *Methylococcus capsulatus (Bath)*, *Alcaligenes acidovorans*, *Bacillus brevis* og *Bacillus firmus*.

Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste fôrvareutvalet -

**VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:****Artikkel 1**

Vedlegget til direktiv 82/471/EØF vert endra i samsvar med vedlegget til dette direktivet.

**Artikkel 2**

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, seinast 30. juni 1996. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei lovene og forskriftene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

**Artikkel 3**

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

**Artikkel 4**

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 10. juli 1995.

For Kommisjonen

**Franz FISCHLER**

Medlem av Kommisjonen

(\*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 167, 18.7.1995, s. 17, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 40/96 av 28. juni 1996 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende

<sup>1)</sup> TEF nr. L 213 av 21.7.1982, s. 8.

## VEDLEGG

1. I gruppe 1.1 «Bakterier» vert produktgruppa og produktet nedanfor lagde til:

1	2	3	4	5	6	7
Betegnelse på produktgruppene	Produktets betegnelse	Næringsstoffets betegnelse eller mikroorganismens identitet	Dyrkingssubstrat (eventuelle spesifikasjoner)	Kjennetegn ved produktets sammensetning	Dyreart	Særlige bestemmelser
«1.1.2. Bakterier dyrket på naturgass	1.1.2.1. Gjæret proteinprodukt som er framstilt ved dyrking på naturgass av <i>Methylococcus capsulatus (Bath)</i> , <i>Alcaligenes acidovorans</i> , <i>Bacillus brevis</i> og <i>Bacillus firmus</i> , og hvis celler er drept	<p><i>Methylococcus capsulatus (Bath)</i> stamme NCIMB 11132</p> <p><i>Alcaligenes acidovorans</i> stamme NCIMB 12387</p> <p><i>Bacillus brevis</i> stamme NCIMB 13288</p> <p><i>Bacillus firmus</i> stamme NCIMB 13280</p>	Naturgass: (ca. 91 % metan, 5 % etan, 2 % propan 0,5 % isobutan, 0,5 % n-butan 1 % andre bestanddeler), ammonium, mineralsalter	Råprotein: minimum 65 %	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Slaktesvin fra 25 til 60 kg</li> <li>- Kalver over 80kg</li> <li>- Laks</li> </ul>	<p>Angivelse på produktets etikett eller emballasje:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Produktets betegnelse: «Gjæret proteinprodukt framstilt ved dyrking på naturgass av <i>Methylococcus capsulatus (Bath)</i>, <i>Alcaligenes acidovorans</i>, <i>Bacillus brevis</i> og <i>Bacillus firmus</i>»</li> <li>- råprotein</li> <li>- råaske</li> <li>- råfett</li> <li>- vanninnhold</li> <li>- bruksanvisning</li> <li>- største iblandingsforhold for produktet i fôrvaren:               <ul style="list-style-type: none"> <li>- 8 % slaktesvin</li> <li>- 8 % kalver</li> <li>- 19 % laks (ferskvann)</li> <li>- 33 % laks (sjøvann)</li> </ul> </li> <li>- angivelsen: «unngå innånding»</li> </ul> <p>Angivelse på fôrblandingenes etikett eller emballasje:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Produktets betegnelse: «Proteinprodukt framstilt ved bakteriegjæring på naturgass»</li> <li>- iblandingsforhold for produktet»</li> </ul>

2. I gruppe 3 «Aminosyrer og deres salter» produktgruppe 3.2 «Lysin» produkt 3.2.2 «Flytende konsentrat av L-lysin (base)» skal teksta i spalte 5 lyde: «L-lysin: minimum 50 %».